



Arkivnr: 2014/166-19
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		09.12.2014
Fylkesutvalet		09.12.2014
Fylkestinget		09.12.2014

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

Samandrag

Statens vegvesen Region Vest har oversendt fylkeskommunen søknad frå Nordhordlandspakken A/S om bompengefinansiering av Nordhordlandspakken. Bompengesøknaden er handsama i dei berørte kommunane i Nordhordland, og vert no lagt fram for fylkespolitisk handsaming.

Nordhordlandspakken er i første fase avgrensa til vegprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nyborgtunellen i Bergen kommune vert innlemma i pakken så snart det føreligg godkjent reguleringsplan. I påvente av planavklaring av Nyborgtunellen vil Nordhordlandspakken bidra til realisering av fleire viktige vegprosjekt i denne regionen som vil gje betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtransporten.

Pakken har ei samla økonomisk ramme på 1295 mill.kr, der det er lagt opp 920 mill.kr i bompengefinansiering, statleg medfinansiering på 145 mill.kr og fylkeskommunal medfinansiering på 230 mill.kr.

Bompengelopplegget har 4 bomstasjonar med tovegsinnkreving, og eit takstnivå på ca kr 14,- for lett bil med abonnement/brikke (10% rabatt)

I den lokale handsaminga av bompengesøknaden i dei berørte kommunane er det gjort vedtak om ulike føresetnader og endringsframlegg, slik at det ikkje føreligg full lokal oppslutnad om innhaldet i Nordhordlandspakken. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil det vere nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til opplegget i pakken som grunnlag for den vidare handsaminga av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet fram mot stortingsvedtak. Fylkesrådmannen legg derfor opp til ei samla vurdering av dei kommunale vedtaka så langt, med særskilt vekt på vedtak i kommunane Lindås og Meland, slik at fylkestinget kan vedta merknader og endringar til opplegget i pakken som grunnlag for nye vedtak om tilslutnad i dei berørte kommunane.

Fylkesrådmannen går inn for å etablere ny bomstasjon på Isdalstø for trafikk på Fv57 og Fv565, omdisponering av midlar frå E39 Mundalsberg tunnelen, utfordelte midlar til Meland kommune og tovegs innkreving og takstnivå i samsvar med søknaden.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyning for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidretta

løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørge for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
4. Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.4.2014, med følgjande merknader og endringar:
 - a) Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57.
 - b) Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengesopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.
 - c) Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill.kr i pakken i første rekke vert nytta som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken, og elles hovedsakleg til tiltak på vegnettet i Meland kommune.
 - d) Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkreving i bompengesnitte og med eit takstnivå i samsvar med bompengesøknaden.
5. Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill.kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.
6. Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Vedlegg

- 1 Høyring Nordhordlandspakken -brev frå SVV til HFK, 29.10.14
- 2 Søknad om løyve til delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken
- 3 Høyring Nordhordlandspakken - brev frå SVV til kommunane, 30.04.14

Fylkesrådmannen, 23.10.2014

1.0 Bakgrunn

Statens vegvesen Region Vest har oversendt fylkeskommunen søknad frå Nordhordlandspakken A/S om bompengefinansiering av Nordhordlandspakken. Nordhordlandspakken er i første fase avgrensa til vegprosjekt i Nordhordland, men det er lagt opp til at Nyborgtunnelen i Bergen kommune vert innlemma i pakken så snart det føreligg godkjent reguleringsplan. I påvente av planavklaring av Nyborgtunnelen vil Nordhordlandspakken bidra til realisering av fleire viktige vegprosjekt i denne regionen som vil gje betre framkomst, betre trafikktryggleik, betre lokalmiljø og styrking av kollektivtransporten.

Bompengesøknaden er handsama i dei berørte kommunane i Nordhordland, og vert no lagt fram for fylkespolitisk handsaming.

2.0 Kort om Nordhordlandspakken

Kostnadsramme, finansiering og prosjekt


Nordhordlandspakken første fase har ei kostnadsramme på 1,3 mrd. 2013-kr. Det er lagt opp til at om lag 30% av brutto investeringskostnader vert finansiert med offentlege midlar, medan trafikantane dekkjer resten av kostnadene gjennom bompengar:

Kjelde	Kr. i mill.kr.	%
Bompengar	920	71%
Stat	145	11%
Fylkeskommune	230	18%
SUM:	1295	100%

Nordhordlandspakken inneheld veg og kollektivtiltak i kommunane Meland, Lindås, Radøy, Masfjorden, Austrheim, Fedje og Modalen.

Prioritet	Vegnr.	Kommune	Prosjektnavn	Tiltak	Kostnad (mill. 2013-kr)	Finansiering		
						Bompengar	Stat	Fylkeskommunen
1	Fv.565	Radøy	Marås - Soltveit	Ny veg	338	247		91
2	Fv. 245	Meland	Fosse-Moldekleiv	Vegutbetring inkl. g/s-veg	78	57		21
3	Fv.564	Meland	Frekhaug-krysset	Punktutbetring, trafikkisikring	15	11		4
4	E39	Lindås	Knarvik sentrum	4-felts veg og ny rundkøyring i aust	99	99	-	-
5	E39/Fv*	Alle	Kollektivtiltak E39 (Bergen, Meland, Lindås)	Kollektivtiltak, park&ride	100	70	15	15
6	Fv.565	Austrheim	Ramme tiltak Austrheim	Vegutbetring/trafikkisikring	10	7		3
7	Fv. 570	Masfjorden	Ramme tiltak Masfjorden	Vegutbetring/trafikkisikring	30	22		8
8	Fv.423	Fedje	Ramme tiltak Fedje	Vegutbetring/trafikkisikring	2	1,5		0,5
9	Fv.569	Modalen	Ramme tiltak Modalen	Vegutbetring/trafikkisikring	2	1,5		0,5
10	Fv. 564	Meland	Trafikkisikring Fosse-krysset	Trafikkisikring	10	7		3
11	Fv. 409	Radøy	Kollektivtiltak Radøy (skystasjon Manger)	Kollektivtiltak, tettstadsutvikling	5	4		1
12	Fv.57	Lindås	Vatne-krysset	Trafikkisikring	20	15		5
13	E39	Lindås	Molvik-krysset	Trafikkisikring	20	20		-
14	Fv.565	Radøy	Grense Radøy/Lindås - Sæbø skule	Vegutbetring inkl. g/s-veg	66	48		18
15	E39	Lindås	Vikane-Eikangervågen	Vegutbetring inkl. g/s-veg	100	60	40	-
16	Fv. 564	Meland	Sandskaret- Holme, inkl. kryss Holme	Vegutbetring inkl. g/s-veg	74	54		20
17	Fv. 565	Lindås	Hilland - grense Radøy	Vegutbetring inkl. g/s-veg	46	34		12
18	Fv	Alle	Andre tiltak (hele regionen)		100	73		27
19	E39	Lindås	Mundalsberget	Vegutbetring inkl. g/s-veg	180	90	90	-
* føresett fordelt 50/50 på fylkesveg og riksveg					1 295	920	145	230

Side 5/16




Investeringane i Nordhordlandspakken mill.kr.perkommune:

200

409

177



Radøy Meland Lindås Austrheim Masfjorden Fedje Modalen Ufordelt/Alle

Side 6/16

Trafikkgrunnlag

Trafikkdata per 2012:

Bomstasjon, snitt	Trafikkgrunnlag, snitt	Andel betalende	Netto ÅDT
Bom 1, Ramper Meland-Bergen	15 600	24% *	3 744
Bom 2, E39, Flatøy	15 600	100 %	15 600
Bom 3, E39, Mundalsberget	5 300	36 % **	1 920
Bom 4, Fv. 565, Radøy	1 400	44 % ***	616
SUM:	37900		21 880


*Gjeld andel i forhold til samla trafikk til/frå Meland. ** Gjeld andel av trafikken i snittet som går til sone 3 (sjå nedanfor). *** Gjeld andel av trafikken i snittet som er interntrafikk i sone 3.

Med 10% trafikkavvising vert netto trafikkgrunnlag på 19 692 ÅDT i 2012. I søknaden er det føresettt 1 % årleg trafikkvekst frå 2012 og ut bompengerperioden

Bompengesystem

Plasseringa av bompengestasjonane er vald med grunnlag i ei tenkt soneinndeling av Nordhordland:

Prinsippet for soneinndelinga er at trafikk mellom soner og gjennomgangstrafikk betalar for 1 bompassering. Trafikk internt i sonene køyrer gratis (unntatt interntrafikk i sone 3 som betalar ved bruk av ny Fv.565 på Radøy).



I bompengesøknaden er det tilrådd 4 bomstasjonar – 3 stasjonar på/ved E39 og 1 på Fv565:

Bomstasjon 1: Hovudkryss Flatøy, ramper til/frå Meland

Bomstasjon 2: E39, Flatøy

Bomstasjon 3: E39, Mundalsberget (i Gjervik)



Bomstasjon 4: Fv.565, ny veg Marås-Soltveit , sør for kryss v/ Haukåsen

Det er lagt opp til bompengeneinkrevjing i begge køyreretningar.

Side 7/16

Rabatt og takstsystem

Det er lagt til grunn følgjande takst- og rabattsystem jfr. tabellen under:

2013 kroner

Takst	Utan rabatt	Rabatt
Lette kjøretøy < 3,5 tonn	Kr 15,50	10 %
Tunge kjøretøy > 3,5 tonn	Kr 31	10 %
Passeringstak	50 passeringar per måned.	Maksimal betaling: Lette kjøretøy: kr 700 Tung kjøretøy: kr 1400

I tråd med St. meld. 26 (2013-2013) Nasjonal transportplan 2014-2023 er det lagt opp til 10 % rabatt for abonnentar i Nordhordlandspakken. Som for andre nye bompengeloplegg får abonnentar i andre bompengeorordningar den same rabatten. For å oppnå rabatt på 10 % er det krav til at kjøretøyet er utstyrt med brikke.

Bompengesøknaden legg til grunn eit sjølvstendig finansieringsopplegg for tiltaka i Nordhordland med ein bompengeperiode på maksimalt 12 år, men føresetnadene kan bli endra når finansieringsplanen skal reviderast i samband med avklaring av E39, Nyborgtunnelen.

Andre føresetnader

Det er lagt inn årleg prisstigning på 2,9% (2013-2016) og 2,5% etter 2016 .Lånerenta er sett til 6,5% Driftskostnader pr. bomstasjon er sett til 2,0 mill. 2013-kr. pr. år. Oppstart for innkrevjinga er sett til 2018, med innkrevjing i 12 år. Det er lagt til grunn ein tungtrafikkandel på 8%. Dette er lågare enn i dag der nivået er 9%. Dette er for å ta høgde for endra transportmønster med forventa folketals- og byutvikling i Knarvik-området.

Mva.-kostnadene for dei fylkeskommunale prosjekta vert finansiert av fylkeskommunen og inngår som del av dei 230 mill.kr. som fylket går inn med i pakken.

3.1 Handsaming i berørte kommunar

Nordhordlandspakken har vore lokalpolitisk handsama i kommunane Modalen, Masfjorden, Fedje, Austrheim, Radøy, Lindås og Meland.

Modalen kommune

Modalen kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 19.6.2014, sak 011/2014, og gjorde slikt vedtak:

«Modalen kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.04.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

Modalen kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyser for desse prosjekta.

Modalen kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Ny-borgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Modalen kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

Side 8/16

Modalen kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.*
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.*
- vurdere finansieringsløyser (auka offentleg innsats etc.).»*

Masfjorden kommune

Masfjorden kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 19.6.2014, sak 35/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Masfjorden kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

2. Masfjorden kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyser for desse prosjekta.

3. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Masfjorden kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Masfjorden kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.*
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.*
- vurdere finansieringsløyser (auka offentleg innsats etc.).»*

Fedje kommune

Fedje kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 19.6.2014, sak 26/14, og gjorde slikt vedtak:

«Fedje kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakka datert 3. mars 2014 med dei justeringar som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest datert 30. april 2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018. Fedje kommune sluttar seg til fellesuttalen oppsummert i 4 hovudpunkt frå styret for Nordhordlandspakka AS.»

Austrheim kommune

Austrheim kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 24.6.2014, sak 84/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Austrheim kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

Side 9/16

2. Austrheim kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

3. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Austrheim kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Austrheim kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdere finansieringsløysingar (auka offentleg innsats etc.)»

Rådmannen i Austrheim fremja saka på nytt i kommunestyret 8.10.2014, sak 116/14. I saksframlegget står det at «.Med utgangspunkt i at det må vera tilslutning frå alle kommunane i regionen bør også Austrheim kommune slutta seg til fylgjande tilleggspunkt som nytt pkt 5:

Utifrå nytteprinsippet ser Austrheim kommune at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune.

Denne innstillinga vart vedteke som eit punkt 5, saman med dei fire andre punkta ovanfor.

Radøy kommune

Radøy kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 18.9.2014, sak 034/14, og gjorde slikt vedtak:

«1. Radøy kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlands-pakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

2. Radøy kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta.

3. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Radøy kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løysing for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Radøy kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna vurdere:

- om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.

- avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
- vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).

- Radøy kommune legg til grunn at dei udisponerte midlane (100 mill. kr.) vert nytta til gang- og sykkelveggar og vegutbetring der det er størst behov for dei etter ein fordelingsnøkkel mellom kommunane. Omsyn til farlege skuleveggar må vega tungt i prioriteringa av desse midlane i tråd med kommunale trafikksikringsplanar.»

Lindås kommune

Lindås kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 18.9.2014, sak 68/14, og gjorde slikt vedtak:

«Kommunane i Nordhordland deler felles utfordringar innan samferdsle og infrastruktur. For å leggja til rette for trafikktryggleik, tilgjenge og ein framtidig attraktiv bu, arbeids- og næringsregion vil Lindås kommune stilla seg solidariske saman om ei Nordhordlandspakke i tre element; utbygging av viktige fylkesvegstrekingar, Knarvik/Isdalstøtunnelen og Nyborgstunnelen (E39). Første fase inneheld viktige fylkesvegstrekingar og planlegging/prosjektering av Knarvik/Isdalstøtunnelen. Nyborgstunnelen må realiserast på tidlegast mogleg tidspunkt i høve til statlege løyvingar.

1. Lindås kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens Vegvesen Region Vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.

I tillegg vil Lindås kommune fylgjande: Oppgraderinga av Mundalsbergettunnelen (E39), ihht EU-krav, må dekkjast med statlege midlar og går difor ut av pakken. Desse midlane (tot 90 mill.) blir omdisponert til å:

- a. Prosjektere og planlegge Knarvik-Isdalstøtunnelen (20 mill.), og vidare til å sjå på moglegheita med ei felles løysing for Fv 57 og E 39 (med ny trasé for Mundalsbergettunnelen).
- b. Ramma til Knarvik sentrum (E 39) vert auka (70 mill) for å sikre ei utvikling av regionsenteret til ein framtidssretta tettstad.
- c. Lista over prosjekta vert endra til at Knarvik-Isdalstøtunnelen kjem inn som nr.2 og at ramma til Knarvik sentrum vert oppjustert til 170 mill.

2. Lindås kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjeart for prosjekta som er planavklarte. E 39 Nyborgstunnelen og Fv 57 Knarvik-Isdalstø vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta. Vi viser forøvrig til tilleggsmerknad i p.1.

3. Lindås kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgstunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Lindås kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finna ei god og framtidssretta løysing for Nyborgstunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Lindås kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeider vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv 57 Knarvik-Isdal (inkl.bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- Vurdere om det er mogleg å byggja og ta i bruk eitt av tunnellopa, før det andre vert bygt.
- Avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular
- Vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.)

Jmf tillegg p.1 viser Lindås kommune til at Knarvik-Isdalstøtunnelen må sjåast i samanheng med ei framtidig løysing for E 39.

5. Statens vegvesen vert oppfordra til å greie ut moglegheita for at to bilar i same husstand, knytt til felles avtale, oppnår rabatt ved å verta registrert med totalt antal plasseringar.

6. Styret i Nordhordlandspakken AS vert oppfordra til å greie ut spørsmålet om etterkrevjing av bompengar, og kjem tilbake til kommunane for å synleggjere konsekvensane med ei slik ordning.

7. Utifrå nytteprinsippet ser Lindås kommune at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune.

8. Med vesentleg overskriddingar i einiskildprosjekt ber Lindås kommune styret i Nordhordlandspakken AS å koma attende for å synleggjere konsekvensar og eventuelt endringar i prioriteringa.

9. Lindås kommune støttar det vidare arbeidet med Nordhordlandspakken under føresetnad av at punkta i høyringsvedtektene vert tatt til følge.»

Meland kommune

Meland kommunestyre handsama Nordhordlandspakken 15.10.2014, sak 56/2014, og gjorde slikt vedtak:

- «1. Meland kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014, med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018.
2. Meland kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
3. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen, slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Meland kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finne ei god og framtidretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
4. Meland kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeidar vidare saman med kommunen med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv. 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:
 - vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eitt av tunnellopa, før andre vert bygt.
 - avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.
 - vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.).
5. Meland kommunestyre viser også til vedtak i Lindås kommunestyre i sak 69/14 og i Austrheim kommunestyre, sak 116/14 der det heiter:
"Ut ifår nytteprinsippet ser Lindås/Austrheim at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune."
Meland kommunestyre vil minne om at Meland er den kommunen i Hordaland med størst prosentvis folkeauke. Dette bildet vil etter alt å døma halde seg også i åra som kjem. I følgje prognose frå Hordaland fylkeskommune (nr. 1-2014) vil kommunane i Nordhordland få ei samla folkeauke på 10.148 fram til 2031. Nær halvparten av den veksten (4.634) vil i følgje prognosa koma i Meland kommune.
Det er særst viktig at vegnettet i kommunen er rusta til å møte den trafikkveksten dette vil medføre. Meland kommunestyre meiner det er avgjerande viktig å utbetra vegstrekkja mellom kommunesenteret Frekhaug og områdesenteret på Vikebø.
Den udisponerte restpotten i Nordhordlandspakken (100 mill. kr.) må i all hovudsak setjast av til å utbetra vegstrekinga Fløksand (Brakstadkrysset) - Vikebø (Fv564) til tofelts standard.

Side 12/16

Denne parsellen er smal og uoversiktleg. Det har skjedd fleire alvorlege ulukker her, også med tap av liv.

Nytteprinsippet i Nordhordlandspakken blir også betre ivaretatt ved å leggje inn dette viktige prosjektet.

Ein må vurdere rekkefølga på prosjekta Fv 564 - Sandskaret-Holme opp mot Fv 564 Fløksand-Vikebø jfr. revisjon av Nordhordlandspakken i 2018.

Bom på Flatøy mot Bergen bør vurderast i høve til nytteprinsippet.

6. Meland kommunestyre ligg til grunn at det må etablerast bomstasjon ved Isdalstø. Dette for å ivareta nytte/likhetsprinsippet.
Meland kommunestyre sett som føresetnad for tilrådinga at det berre skal krevjast inn bompengar ein veg.

Bergen kommune

Bergen kommune handsama sak om Nordhordlandspakken på møte i bystyret, 19.11.2014, og gjorde følgjande vedtak:

- «1. Bergen kommune anbefaler søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med de justeringer som framgår av saksutredningen fra Statens vegvesen Region vest av 30.4.2014, slik at det blir felles oppstart for innkreving av bompenger i 2018.
2. Bergen kommune registrerer de øvrige kommuners uttalelser til bompengesøknaden om blant annet delvis realisering av tunnel på strekningen Knarvik-Isdal. Dette forutsettes løst innenfor de rammer som pakken omhandler, og uten at det får konsekvenser for de øvrige prosjektene, herunder de 100 mill. til kollektivtiltak, der en andel er avsatt til tiltak i Bergen kommune.
3. For å sikre snarest mulig oppstart av de prosjektene som er planavklart, gir Bergen kommune gir sin tilslutning til at Nordhordlandspakken gjennomføres i flere trinn. Så snart det foreligger avklarte planer og finansieringsløsning for E-39 Nyborgtunnel – ref. perspektiver i bystyresak 171/14- og full utbygging av Fv57 Knarvik-Isdal, innarbeides disse i Nordhordlandspakken gjennom revisjon og tilhørende behandling i Stortinget.

Merknad

Bergen kommune fremhever spesielt at fremkommeligheten for kollektivtransporten skal ha høyest prioritet for de delene av pakken som angår E39 mellom Knarvik og Bergen, og at sammenhengende kollektivfelt skal vurderes.»

4.0 Statens vegvesen Region vest si tilråding

Med grunnlag i handsaminga av Nordhordlandspakken i dei berørte kommunane har Statens vegvesen i vedlagte brev av 29.10.2014, oversendt merknader og tilråding om Nordhordlandspakken til den fylkeskommunale handsaminga av pakken.

Statens vegvesen har gjort ei vurdering av dei kommunale vedtaka, og tilrår at fylkeskommunen vedtek Nordhordlandspakken i samsvar med oversendte bompengesøknad frå Nordhordlandspakken A/S.

Side 13/16

Fylkesrådmannen viser elles til vedlagte brev, datert 29.10.2014 for meir detaljert informasjon om Statens vegvesen sine merknader og tilråding.

5.1 Fylkesrådmannen sine merknader og tilråding

5.2 Lokal handsaming i berørte kommunar

Fylkesrådmannen konstaterer at alle kommunane i Nordhordland har tilrådd søknaden om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens Vegvesen Region Vest av 30.4.2014. Det er likevel grunn for å merke seg at nokre av kommunane i høyringa har lagt inn ønske om endringar og sett visse føresetnadar for tilrådinga. Dette medfører at det ikkje fullt ut er lokal tilslutnad i alle kommunane i Nordhordland til opplegget i pakken.

Oppsummert er det vedteke følgjande føresetnader og endringsframlegg:

Endringsframlegg	Framsett av kommune
90 mill. kr. vert omdisponert frå vegutbetring med gang og sykkelveg i Mundalsberg tunnelen til opprusting i Knarvik sentrum (70 mill.kr) og til å prosjektera og planlegga Knarvik- Isdalstø tunnelen (20 mill.), og vidare til å sjå på moglegheita med ei felles løysing for Fv 57 og E 39 med ny trasé for Mundalsberg tunnelen (20 mill.kr).	Lindås
Bomstasjon plassert i Isdalstø	Meland
Einvegsinnkreving i bomstasjonane	Meland
Bom på Flatøy mot Bergen bør vurderast i høve til nytteprinsippet.	Meland
Dei ufordelte midlane skal hovudsakleg brukast i Meland	Meland, Austrheim og Lindås

Dei ufordelte midlane skal nyttast til gang- og sykkelveg og vegutbetringar der det er størst behov for dei etter ein fordelingsnøkkel mellom kommunane.	Radøy
----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------

Manglande lokal tilslutnad

Når det i den lokalpolitiske handsaminga oppstår usemje mellom kommunane eller når kommunestyra legg inn føresetnadar som ikkje er i tråd med bompengesøknaden, har det hendt at fylkeskommunen har bedt om at kommunane handsamar bompengesøknaden på nytt. Det har også hendt at dei ulike uttalane frå kommunane ikkje har blitt vektlagt like mykje i den fylkespolitiske handsaminga.

Ved tidlegare høve er det ikkje oppnådd lokale semje om Nordhordlandspakken. Heller ikkje denne gangen er det fullt ut oppnådd lokal semje om opplegget i pakken. Fylkesrådmannen forstår at det er vanskeleg for dei 7 kommunestyra, med tilsaman 145 folkevalde, å semjast om alle elementa i ein bompengesøknad. Fylkesrådmannen ser det som viktig å få på plass eit finansieringsopplegg som kan sikre gjennomføring av nødvendige tiltak for betre framkomst, betre trafikksikring, senterutvikling, og styrking av kollektivtransporten i Nordhordland. Etter fylkesrådmannen sitt syn vil det vere nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til opplegget i pakken som grunnlag for den vidare handsaminga av bompengesøknaden i Vegdirektoratet og Samferdselsdepartementet fram mot stortingsvedtak. Fylkesrådmannen legg derfor opp til ei samla vurdering av dei kommunale vedtaka så langt, med særskilt vekt på vedtak i kommunane Lindås og Meland, slik at fylkestinget kan vedta merknader og endringar til opplegget i pakken som grunnlag for nye vedtak om tilslutnad i dei berørte kommunane.

Side 14/16

Nordhordlandspakken vil i stor grad bli finansiert av gjennomgangstrafikken på E39, og av bilistar heimehøyrende i Meland kommune og i søre delen av Lindås kommune. Fylkesrådmannen finn det derfor ikkje urimeleg at uttalane frå Meland kommune og Lindås kommune blir vektlagt særskilt.

Omdisponering frå E39 Mundalsberg tunnelen

Fylkesrådmannen er samd med Lindås kommune i at 90 mill.kr. kan omdisponerast frå E39 Mundalsberg tunnelen til - bruk i Knarvik sentrum (70 mill.kr) - og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill.kr) på Fv57. Lindås kommune ber og om at det vert vurdert ei felles løysing for Fv 57 og E 39 med ny trasé for Mundalsberg tunnelen. Det er ikkje starta opp kommunedelplan for utbetring eller omlegging av E39 Mundalsberg tunnelen med tilhøyrande gang og sykkeløysing mellom Leknes og Knarvik. Fylkesrådmannen meiner det er uheldig at så usikre prosjekt inngår i bompengesøknaden. Dette er eit prosjekt som eventuelt må vurderast på nytt i ein revisjon av Nordhordlandspakken når det er meir planavklart og det føreligg kostnadsestimat.

Fylkesrådmannen er gjort kjent med at Statens vegvesen er i ferd med å starta opp eit arbeid med ein kommunedelplan for ny trasé for E39 Mundalsberg tunnelen. Det kan bli aktuelt i framtida å bygga ein ny tunell i ein større eller mindre trase rundt dagens tunell. Eit alternativ er at E39 vert lagt om slik at Fv57 mellom Isdal og Knarvik vert ein del av ein ny E39 trasé frå Knarvik via Isdal og austover mot Hellesvågen/Hjelmås. Gang- og sykkelveg mellom Leiknes og Knarvik, vert då først aktuelt å vurdere når planane for framtidig E39 Mundalsberg tunell er meir avklara.

Meland kommune har ikkje uttalt seg negativt til dette ønsket frå Lindås kommune.

Ny bomstasjon i Isdalstø

Fylkesrådmannen stør framlegget frå Meland kommune om ein bomstasjon i Isdalstø, uavhengig av prosjektet Fv57 Knarvik-Isdalstø. Dette vil bli eit bompengesnitt som fangar opp trafikk både på Fv565 mellom Knarvik og Alvermarka og vidare til Radøy, og på Fv57 mellom Knarvik og Mongstad. ÅDT i dette bompengesnittet ligg på 11500.

I bompengesøknaden er det lagt opp til at bomstasjonen i Isdalstø først skal koma ved ein revisjon av bompengesøknaden, når tunnelprosjektet på Fv 57 Knarvik – Isdalstø er planavklart og det ligg føre ei finansieringsløysing for dette prosjektet. Det er fleire grunnar til at ein ny bomstasjon på Isdalstø bør inngå i bompengelopplegget for Nordhordlandspakken:

- Det er eit berande prinsipp i alle bompengeprojekt at dei som har nytte av prosjektet skal betala bompengar og at dei som betalar bompengar skal ha nytte av prosjektet. Alle dei tilrådde bompengestasjonane i bompengesøknaden er vurdert i høve til nytteprinsippet. Etter at kommunestyret i Lindås omfordelte midlar frå E39 Mundalsberg tunnelen til tiltak i Knarvik sentrum og planmidlar til tunellen Fv57 Knarvik – Isdalstø, vil utviklingen av Knarvik sentrum i endå større grad vere til nytte for reisande frå heile kommunen og regionen elles. Det er derfor rimeleg at også bilistar frå Fv57 og frå Fv 565 (sør for bompengesnittet) på Radøy betalar bompengar i Nordhordlandspakken. Med ein bompengestasjon i Isdalstø allereie frå oppstarten av bompengereisinga i Nordhordlandspakken, vil bilistane på alle innfartsårene til Knarvik få lik bompengebelasting. Alle i Lindås kommune utanfor Knarvik må då betala bompengar for å koma til kommunesenteret.

- Prosjektkostnadene i pakken er usikre, og vil nok erfaringsvis auke etter kvart som både planavklaring og prosjektering nærmar seg. Ein ny bomstasjon på Isdalstø vil bidra til eit meir robust økonomisk opplegg i pakken, og sikre gjennomføring av alle tiltaka i pakken.
- I samsvar med vegnormalane er prosjektet Fv57 Isdalstø-Knarvik planlagt realisert med to tunnellopp. Det er usikkert om det vil bli gjort fråvik frå vegnormalane til eitt tunnellopp for å redusere prosjektkostnadene. I tillegg vil dette i alle høve kunne bli eit så kostnadskreivande prosjekt, at innfasing av dette prosjektet i Nordhordlandspakken vil kunne få konsekvensar for takstnivå/bompengerperioden som må vurderast opp mot realisering av Nyborgtunnelen. Samla sett

Side 15/16

er det derfor fleire usikre faktorar i opplegget i Nordhordlandspakken rundt innfasing av prosjektet Fv57 Knarvik-Isdalstø, og etablering av bomstasjon på Isdalstø først når prosjektet er klart for realisering. Fylkesrådmannen legg derfor til grunn at etablering av ny bomstasjon på Isdalstø ikkje bør vere avhengig av realisering av dette prosjektet i pakken.

Tovegsinnkreving

Kommunestyret i Meland har i sitt vedtak ein føresetnad om einvegsinnkreving, med det takstnivået som ligg i søknaden. Ved einvegsinnkreving må dei føreslegne takstane kanskje doblast for å finansiera prosjekta i pakken. Takstopplegget og finansieringsplanen i søknaden er basert på tovegsinnkreving. Fylkesrådmannen held fast på opplegget i bompengesøknaden med tovegs innkreving i bompengepakken.

Ufordelte midlar

Dei fleste kommunane har uttalt seg om dei ufordelte midlane på 100 mill.kr i pakken, der det er foreslått at desse midlane i hovudsak bør gå til prosjekt i Meland kommune. Fylkesrådmannen vil likevel peike på behovet for å ha ein buffer i slike bompengepakkar mot uforutsett kostnadsauke eller inntektssvikt. Fylkesrådmannen vil derfor i første omgang foreslå at denne posten vert nytta som buffer mot eventuelle kostnads- og inntektssavvik i pakken, og elles hovedsakleg til tiltak på vegnettet i Meland.

5.3 Fylkeskommunal delfinansiering

I forslaget til prosjektportefølje i Nordhordlandspakken er det lagt opp til samla investeringar på fylkesvegnettet på 846 mill.kr, der det er føresett at 230 mill.kr skal finansierast med fylkeskommunale midlar og resten med bompengar. Dei fylkeskommunale midlane er samansett av fylkeskommunen sin momsrefusjon på samla investeringar på fylkesvegnettet i pakken (141 mill.kr), og resten som ordinær løyving. Dette medfører ein fylkeskommunal delfinansiering på om lag 27% av dei samla investeringane på fylkesvegnettet. Dette tilsvarer nivået på fylkeskommunal delfinansiering i Askøypakken, der det er lagt opp til fylkeskommunal delfinansiering på 420 mill.kr av ei samla pakke med tiltak på fylkesvegnettet på 1540 mill.kr.

Fylkesrådmannen vil tilrå at ramma på 230 mill.kr vert lagt til grunn for bompengesøknaden og at desse midlane vert lagt inn i handlingsprogrammet til Regional transportplan etter 2018. Det må understrekast at dette er ei økonomisk planramme som må løyvast i dei årlege budsjetta. Fylkesrådmannen vil og understreke at dei fylkeskommunale midlane i pakken i første rekke må gå til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.

5.4 Prosjektomtale og prosjektstyring

I Nordhordlandspakken er det lagt inn ulike prosjekt som skal sikre ulike omsyn;

- Utvikling av Knarvik sentrum
- Betre framkomst på deler av fylkesvegnettet i området
- Gjennomgåande G/S-vegssystem
- Trafikksikringstiltak
- Tilrettelegging for auka kollektivtransport til/frå Bergen

Fylkesrådmannen stiller seg bak dei prioriterte prosjekta i Nordhordlandspakken, som vil ivareta ulike omsyn og behov for utvikling av eit effektivt, trafikksikkert og miljøvenleg transportsystem i Nordhordland. Dette er ei rekke prosjekt i ulike kommunar som vil stille store krav til prosjektstyring og prosjektgjennomføring. Prosjektgjennomføringa må styrast med grunnlag i prosjektprioriteringa, planavklaring, kostnadsendringar og eventuelle endringar i dei økonomiske rammene for pakken. Fylkesrådmannen ser det ikkje som nødvendig å fordele bompengar og fylkeskommunale midlar på prosjekt slik det er gjort i prosjekttabellen i pakken. Løyving av fylkeskommunale midlar i pakken vil fylkesrådmannen foreslå i samband med dei årlege fylkesbudsjetta. Fylkesrådmannen legg til grunn at det vert etablert eit kontaktutval som legg til rette for ei slik styring av gjennomføring av prosjekta i pakken, slik det er gjort i andre tilsvarande bompengepakkar i fylket. Fylkesrådmannen foreslår at dette kontaktutvalet vert samansett av representantar frå Regionrådet Nordhordland, Hordaland fylkeskommune og Statens

Side 16/16

vegvesen. Den endelege fastsettinga av årlege løyvingar til prosjektgjennomføring på fylkesvegnettet i pakken vert gjort i samband med fylkestinget si budsjetthandsaming.

5.5 Fylkeskommunal garanti

For å få best mogleg rentevilkår er det vanleg at fylkeskommunen stiller garanti for låna som bompengeselskapa tek opp. Regjeringa held no på med ei bompengereform, der ein legg opp til å omorganisera bompengesektoren frå mange selskap til eit fåtal selskap og å etablere ei rentekompensasjonsordning. I samband med dette arbeidet vil også statsgaranti bli vurdert, står det i Prop. 1 S (2014- 2015).

Fylkesrådmannen vil avventa utfallet av dette arbeidet og den vidare handsaminga av Nordhordlandspakken, før han eventuelt legg fram sak om fylkeskommunal garanti.